



# Tanum menighetsråd

## REFERAT

<b>Møtestad:</b>	<b>Blåsalen på Tunheim</b>
<b>Møtedato:</b>	<b>13.03.2019</b>
<b>Tid:</b>	<b>18-21.10</b>
<b>Deltakarar:</b>	<b>Kjell Nilsen, Ragni Haga, Greta Karin Wibe Svendsen, Elisabet E. Romøren, Olin Ambjørnsen, Dag Johnsen, Erling Sølvik, Asle Zimmermann, Kari Espelid, Arne H Hansen</b>
<b>SAKLISTE NR:</b>	<b>3/2019</b>

Innkallinga godkjent og møtet sett med ei ny sak: 28/2019 Årsmelding 2018, i tillegg til den ettermelde saka som hadde fått saksnr 27/2019, Årsrekneskap 2018.

### **SAK 18/2019 MØTE MED STYRET I HOVUDFORENINGA I TANUM KFUK/M**

Frå Tanum KFUK/M møtte leiar Kari Kobro, Grethe Lepperød og Bjørn Vassbotn. Vi hadde ei open og nyttig samtale om stikkorda vi hadde sett opp: Legoklubben på Tanum, rapportering og kommunikasjon, bruk av menighetens trusopplærar/menighetspedagog inn i KFUK/M sitt arbeid blant barn og unge og «Møtestedet».

### **SAK 19/2019 GODKJENNING REFERAT FRÅ MØTET 13.02.2019, sakliste 2/2019**

**Vedtak: Referatet einstemmig godkjent.**

Underskrifter protokollen: Elisabet Romøren og Erling Sølvik

### **SAK 20/2019 GJENNOMGANG AV ÅRSMØTET 2018**

Vi drøfta kor omfattande og detaljert ei årsmelding frå menighetsrådet bør vera for å opplyse og ikkje forvirre årsmøtet, særleg gjeld dette innanfor området økonomi.

**Vedtak: Referatet frå årsmøtet vart teke til etterretning**

### **SAK 21/2019 FASTEAKSJONEN TYSDAG 9. APRIL**

Fordeling av arbeidsoppgåver:

Gjera klar fastebøssene tysdag 26. mars kl 9.30: Olin, Erling, Elisabet, Asle.

Hjelpe til på Tunheim ved utsending av konfirmantane, tysdag 9. april kl 17: Dag, Ragni, Kari, Asle.

### **SAK 22/2019 KONFIRMASJONGUDSTENESTENE VÅREN 2019**

Det vil bli 50 konfirmantar fordela på 5 gudstenester. Klokkartenesta er alt sett opp slik at det er medlemmer i menighetsrådet som er klokkarar på dei ulike gudstenestene og helsar frå menighetsrådet. Fordeling av andre arbeidsoppgåver:

Kappeprøving tysdag 30. april kl 17.15: Greta Karin og Olin.

Dele ut kapper og tenne lys i globen ved utdeling av gripekors til konfirmantane:

Laurdag 4. mai kl 11 og 13: Greta Karin

Sundag 5. mai kl 11: Olin

Laurdag 11. mai kl 11 og 13: Dag

### **SAK 23/2019                    KAPELLTENESTE SUNDAG 12. MAI**

Ansvar: Kjell, Ragni og evt Erling

### **SAK 24/2019                    KANDIDATAR TIL NYTT MENIGHETSRÅD/DIAKONIUTVAL**

Sjå sakene 07 og 11/2019, samt mange saker i 2018

Vi har no fått 9 kandidatar, dvs akkurat nok til rådet pluss ein vara, men ser gjerne at vi kunne fått fleire, så det er framleis fint å spørja personar vi kan tenkje oss kan vera interesserte!

### **SAK 25/2019                    NYTT FRÅ ORGELKOMITEEN**

Vi kan glede oss over at innsamlinga er godt i gang. Det har kome inn små og store bidrag frå både privatpersonar og firma. Ein del legatsøknader har komiteen framleis ikkje fått svar på. Det vil koma meir informasjon om orgelet og framdrifta av innsamlinga i neste nummer av Såmannen.

### **SAK 26/2019                    MELDINGAR**

1. Blomehelsing til Britt Eidsheim som takk for hjelp på Juniorsprellen.
2. Ordinasjon av Birgitte Bugaard Ørnes i Porsgrunn frikyrkje sundag 31. mars kl 11. Asle Zimmermann deltek.

### **SAK 27/2019                    ÅRSREKNESKAP 2018** Sjå sakene 21/16, 18/17 og 18/2018

Kasserar og økonomikonsulent (e-post frå Tor Bakken datert 14.02.2019) har overlevert ein fullstendig års-rekneskap med konklusjon at «menighetsrådets økonomiske stilling er meget god, med en fri egenkapital på kr 552.756».

**Vedtak: Vi vedtek den framlagte årsrekneskapen.**

**SAK 28/19**

**ÅRSMELDING 2018**

**Vedtak: Vi vedtek den framlagte årsmeldinga som vart godkjent på årsmøtet 10. mars.**

**SAK 29/19**

**EVENTUELT**

Greta Karin Wibe Svendsen stiller som fast ny klokkar! Då er klokkarkorpset fulltallige att!